



Aage Bredor Børsheim
Ekregaten 15
5036 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/2299 - 21/64767

Saksbehandlar:
Einar Aase
einar.aase@alver.kommune.no

Dato:
05.11.2021

Vi treng fleire opplysningar før vi kan behandla søknaden - gbnr 1/126 Flatøy

Tiltak: utsetting av flytebrygge
Byggjestad: Gbnr: 1/126
Tiltakshavar: Aage Bredor Børsheim
Ansvarleg søkjar:

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Kommunen har vurdert tilleggsdokumentasjon datert 15.09.2021 og finn ikkje grunnlag til å slå fast at etablert kai er lovleg oppført i tråd med plan- og bygningslova.

Dersom kommunen skal handsame søknad om flytebrygge, må søknad supplerast med søknad om etablering av kai. På denne måten kan vi handsame søknad om kai, og allereie innsendt søknad om flytebrygge som ein søknad.

Minner om at tiltak må nabovarlast. Det må leverast inn nytt situasjonskart som syner kai som ein del av tiltak. Søknad må elles innehalde teikningar og anna relevant informasjon som er naudsynt for at kommunen skal kunne ta stilling til kaia som eit tiltak. Det må vurderast om dette tiltaket er underlagt ansvarsrett.

2. Kommunen har vurdert at det ikkje er naudsynt med dispensasjon for byggegrense mot sjø for etablering av kai/brygge. Kommunen vurderer vidare at det ikkje er noko krav om at kai eller ei «fast» brygge er oppført som fellesanlegg. Søknad om etablering av kai krev dermed ingen dispensasjonar.

Syner elles til kommuneplan for Meland føresegn 1.6.8 som tek føre seg krav til bygger. Tiltak må vere i samsvar med desse krav. Dersom det ikkje er samsvar vil det vere naudsynt med dispensasjonssøknad frå eventuelt avvik.

Kommunen ber om at tilleggsm informasjon vert sendt inn samla innan 14.01.2022. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Einar Aase
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Aage Bredor Børsheim

Ekregaten 15

5036 BERGEN